

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	15/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	24.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Supplerande vern – Jotunheimen Nasjonalpark. Uttale til vidare prosess.

Sakspapir:

- E-post frå Statsforvaltaren i innlandet 22. april. Innkalling til informasjonsmøte om supplerande vern.
- Presentasjon frå informasjonsmøte 19. mai -supplerande vern
- Referat frå informasjonsmøte 19. mai – supplerande vern

Saksutgreiing:

Statsforvaltaren i innlandet fekk i 2018 i oppdrag frå Miljødirektoratet å utgjeie om det er lokal aksept for å utvide Jotunheimen nasjonalpark, Dovre nasjonalpark og Vesle Hjerkinn landskapsverområde. Fyrste runde av denne prosessen var uheldig, med for lite involvering av berørte grunneigerar og brukarinteresser. Det var knapp tid og eit dårleg grunnlag for kommunane å gje innspel på, og nokre av kommunane har i ettertid funne ut at dei var litt for raske til å avvise moglege utvidingar av nasjonalparken. Med dette som bakgrunn vart prosessen restarta hausten 2021.

Det er kommunane som tek avgjerd om det er aksept for å starte opp ein verneplanprosessen. Som grunnlag for kommunane si avgjerd, er det i vinter og vår gjennomført møter med berørte grunneigar og 19. mai vart det halde eit informasjonsmøte for lokale og regionale naturvern- og friluftsorganisasjoner. Fjellstyret var invitert til sistnemnde, der sekretæren møtte. I samband med at det var opna for innspel blei det kommentert at fjellstyra representerer ulike brukarinteresser, og at synspunkt om utvida vern kan vere delte. Med bakgrunn i dette vart det framlagt eit ynskje om tid til å sende inn skriftleg attendemelding i etterkant av møtet.

Opplysninger og merknader:

Saka var til behandling i sak 14/2022 der det vart gjort vedtak om at dagleg leiar utformar forslag til uttale i samsvar med momenta det var semje om under behandling av saka. Det blir elles vist til saksutgreiing og vurderingane lagt fram der.

Forslaget er sendt ut til medlemmane pr. e-post og samrøystes godkjent slik det låg føre.

Fjellstyret si uttale:

Lom fjellstyre er skeptiske til at det blir sett i gang ein prosess for utviding av Jotunheimen nasjonalpark slik som skissert i forslaget.

Fjellstyret skal i fyrste rekkje ivareta bruksrettsutøving samt jakt, fangst og fiske på statsallmenningen. Vårt syn er at areala som er føreslege på statsallmenningen i Lom blir godt ivaretake utan vern, og at vi over tid kan syne til ei forvalting som tek i vare og balanserer landbruk, naturvern og friluftsinteresser på ein god måte.

Vernestatus aukar områda sin attraktivitet for friluftsliv og som reiselivsprodukt. Jotunheimen har årleg mange tusen besøkjande, ei mengd som i ulik grad kan gje

Møtebok – Lom fjellstyre

negative konsekvensar for både seter- og beitebruk, natur- og dyreliv. Fjellstyret meiner forvaltinga i dag har for få ressursar og verkemidlar til veiledning, besøksforvaltning, tilrettelegging tilsyn, restaurering og skjøtsel i verneområda.

Vi meiner at ei utviding av Jotunheimen nasjonalpark kan gje negative konsekvensar for bruksrettsutøving og utøving av jakt- og fiske. Natur, dyreliv og kulturlandskap i desse områda blir ivareteke på ein god måte – også utan vernestatus.

Utskrift går til:

- Statsforvalteren i Innlandet -som e-post
- Lom kommune – som e-post
- Statskog SF – som e-post.